

Sturle Sunde, Florø

15. februar 2011

1 Straumrekninga

Denne rapporten er god og viktig. For oss forbrukarar er prisen på straumen berre ein del av reknestykkjet. Den største delen av straumrekninga er for mange nettleiga. Neittleiga har auka kraftig dei siste åra. Rapporten dokumenterer at kraftsystemet fungerer svært ineffektivt i dag, og ekspertar på kraftoverføring har sett seg saman med økonomar for å finne ut korleis økonomiske prinsipp og fysiske lover kan arbeide saman for eit meir effektivt kraftsystem. Tiltaka vil føre til billigare straum, men det viktigaste er at det eksisterande kraftnettlet kan utnyttast betre og dermed halde nettleiga i sjakk.

På side 20 og 21 ser vi eit døme på kor dårleg kraftnettlet vert utnytta med dagens ordning. Den store prisdifferansen mellom NO3 og NO2 i dei dagane rapporten omtalar spesielt, var mykje oppe i media, og somme vil ha fleire kraftliner inn til NO3. Men når eksisterande liner vert mindre enn 20% utnytta i ein krisesituasjon med ekstreme prisar, er det ingen grunn til å tru at nye liner vert utnytta betre utan at ein gjer noko med marknaden. Nye liner vil vere ei vekkasta investering som medfører store utgifter for alle straumkundar, med mindre ein først gjer noko med korleis marknaden fungerer.

2 Transparens

I region NO5 har vi hatt den høgaste kraftprisen i landet i 41 av dei 44 første dagane i 2011.¹ Dette er ulogisk. NVE seier at den delen av Sogn og Fjordane som no er i elspot-område 5, har for høg kraftproduksjon og nektar vidare utbygging av mikrokraftverk før nettkapasiteten ut av området er styrka.² Statnett seier at det ikkje er nokon permanente flaskehalsar i nettet mellom region 5 i Sogn og Fjordane og Bergen, som òg er i elspot-område 5. Samstundes seier olje- og energiminister Terje Riis-Johansen at det er krise og kraftmangel i Bergensområdet, og at dei treng meir kraft inn.

Alle desse tre påstandane kan ikkje vere sanne på ein gong. Problemet er at det ikkje er mogleg for oss forbrukarar å gå desse etter i saumane for å finne ut kven som har rett. Dersom det stemmer at det er overproduksjon i Sogn og Fjordane, skulle prisane her vere minimale. Det er dei ikkje. Er prisane høge fordi det er kraftmangel i Bergen, skulle det vere

¹<http://www.nordpoolspot.com/reports/areaprice/>

²<http://www.firda.no/nyhende/article4822066.ece>

plass til meir produksjon. Har vi likevel ein flaskehals, skulle Statnett ha innført eit ekstra elspotområde (jf 4.2.1 i rapporten). På toppen av dette gav NVE konsesjon til ein 100 km lang kabel på 40 MW til Gjøa frå Mongstad, som er i området som Terje Riis-Johansen hevdar har kraftmangel. Alternativet var ein 60 km lang kabel frå Lutelandet i Fjaler, som NVE hevdar har overproduksjon. For oss vanlege forbrukarar er dette heilt ulogisk.

Nodeprising ville avslørt kven som skrønar. Dersom det stemmer at Sogn og Fjordane har altfor stort overskot av kraft og kraftverka ofte må la vatnet renne forbi turbinane for ikkje å overlaste kraftnettet, må prisane gå ned og dei reelle flaskehalsane vert synlege. Det vil ikkje berre peike ut kvar ein faktisk treng nye kraftliner; låg pris vil òg trekkje til seg tenesteyting og industri med høgt kraftforbruk, som i sin tur reduserer kraftoverskotet og gjer plass til større produksjon utan å krevje dyre nettutbyggingar.

Dersom Statoil hadde insistert på å få kabelen til Gjøa frå Lutelandet på grunn av billigare kraft, i staden for å utløyse krav om kraftliner gjennom både Hardanger og Sogn og Fjordane ved å leggje han til Mongstad, hadde vi straumkundar over heile landet spart mange tusen millionar kroner til saman. Med nodeprising hadde det vore eit realistisk utfall.

3 Ny produksjon

Det er alltid ein kamp å skaffe lokal støtte til ny kraftproduksjon anten det er vindturbinar eller vasskraft. Ikkje berre vert anlegga oppfatta som uestetiske, men det utløyser ofte krav om nye høgspenliner i tillegg. Høgspenliner utgjer ei fare for både luftsport og luftfart, og tek menneskeliv nesten kvart år.³

Dersom forbrukarane merkar direkte på straumrekninga at ein vindturbin har komme opp i kommunen, ved at prisen på straumen i noden går ned når det blæs, vert det enklare å få støtte. Når den låge prisen i tillegg får ny næring til å etablere seg i kommunen og ungdommen flyttar heim, får pipa fort ein heilt annan lyd. Sjølv tilstøytande nodar får glede av utbygging gjennom lågare straumpris, og faktisk heile resten av landet i form av at kraftutbygginga ikkje krev utbygging av nettet i tillegg og dermed høgare nettleige for alle.

For å forsterke incentivet til ny produksjon ytterlegare, bør ein kutte den delen av nettleiga som går til sentralnettet for kraft som er produsert og brukt innan same node. Dvs at ein berre betalar nettleige til sentralnettet for kraft som er innført gjennom sentralnettet. Dette vil i tillegg forsterke incentivet til forbrukarflexibilitet, sidan ein vil unngå å bruke straum når han vert importert frå dette.

³http://www.luftfartstilsynet.no/multimedia/archive/00006/H_ringsbrev_6175a.pdf,
<http://www.adressa.no/nyheter/sortrondelag/article965657.ece>

4 Tiltak for å utjamne store prisdifferansar

4.1 Reservar

Dersom kraftverk med magasin hadde vore private, hadde dei for lengst vore underlagde strenge reguleringar av både minste magasininfylling gjennom året og reservekapasitet i tilfelle nettutfall. Det vil gi lægre forteneste for kraftverka. Sidan kraftverka no er i offentleg eige, og bukken regulerer sin eigen havresekk, er det ikkje snakk om slike pålegg.

Eit pålegg om minste magasininfylling og reservekapasitet som ikkje skal brukast med mindre flaskehalsar i nettet medfører stor prisdifferanse mellom nodar, vil både ha utjamnande effekt for straumprisen og nedkjølande effekt på spekulasjonsiveren til kraftverka. Reservekrafta kan gå inn i marknaden til ein fast pris som ligg under det kraftverka kunne forventast å få for krafta dersom dei disponerte ressursane betre gjennom året. I tillegg vil ein ha auka driftstryggleik for nettet i område med kraftproduksjon, sidan det alltid er reservekapasitet som kan setjast inn dersom delar av nettet fell ut.

4.2 Småkraftverk

Små private kraftverk er underlagde strenge restriksjonar. Dei får berre ha svært liten kapasitet for magasinering av vatn, og dei får ikkje lov til å ha pumper som kan pumpe vatn attende til magasinet når straumen er billig.

Dersom nodeprising vert innført, vil prisen variere meir gjennom døgeret og året i ein-skilde nodar enn i andre, spesielt der det er liten kapasitet inn og ut og mange små kraftverk som produserer ekstra mykje ved nedbør. Dersom ein kunne tillate større grad av magasinering og pumper til å pumpe vatn opp i høgdemagasin ved mykje nedbør, vil produksjonen kunne fordelast over eit lengre tidsrom, og ein oppnår betre prisstabilitet. Ikkje minst kan ein få plass til meir produksjon utan å utløyse dyr utbygging av straumnett og endå høgare nettleige.

5 Konklusjonar

Nodeprising, som utvalet har føreslege, er eit godt tiltak for oss forbrukarar. Det vil føre til meir effektiv fordeling av produksjon og forbruk, og har andre mekanismar i seg som vil redusere krav til vidare nettutbygging, og dermed halde nettleiga i sjakk. I tillegg er det positivt med tanke på utbygging av ny produksjon, spesielt i område som får høgare pris som fylgje av nodeprising.

Ekstreme prissvingningar og -differansar kan utjammast med strengare regulering av kraftverka og større opning for regulering av småkraftverk. Dette vil ikkje bli eit problem dersom kraftverk med magasin, både offentlege og private, er underlagde streng regulering for å sikre produksjonsreservar og hindre for tidleg nedtapping.